



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no

Møteprotokoll

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Tysdag 11. juni 2019
Møtetid: 19:10 –
Møtestad: Møterom, KLH

Desse møtte:

Jan Magne Breivik, Ingunn Hjelmås, Anja Helen Otterlei, Berit Marie Sporsheim, Audhild Mork, Gro Merete Hoksnes, Oddmund Varhaugvik, Kristian Finn Risung, Svein Løwe, Inga Sølvi Korsvik Melby.

Vidare møtte:

Frank Harald Vestad som sekretær (kyrkjeverje)

Forfall meldt:

Mette Myrseth Oterhals. Vara var innkalla.

Permisjon:

Inger Kristine Kjellnes

Innleiingsord: Det var ingen delegerte til dette da vara for vara var brått innkalla. Ingunn Hjelmås leia an med songen No livnar det i lundar.

Sakliste

Godkjenning av innkalling

Godkjent

Godkjenning av sist møteprotokoll

Godkjent, men med merknad om at det blir endring i orienteringssak om Aukradagen til at Oddmund Varhaugvik tek i mot midlar frå sparebanken Møre og Svein Løwe tek bilete.

SFR 14/2019: Søkarar til kyrkjeverjestillinga

Det er til dags dato kome inn 2 søkarar til kyrkjeverjestillinga. Søknadsfrist er 6. juni.

Ved søknadsfristen sitt utløp, handsamar AU desse på eit ekstra møte og legg fram si innstilling til SFR.

Ekstramøte AU, 11.06.2019 kl 17.45

Det er kome inn 4 søknader til kyrkjeverjestillinga.

Vedtak i SFR

Ny utlysing av stillinga og da med bearbeidd utlysingstekst og med 100 % stillingsprosent. Søknadsfrist settast til 30.06.2019 men med mogleg utviding til 15.08.2019, om naudsynt.

Utlyse stilling i tillegg til gjennom Kirkejobb også i Romsdals budstikke. Dette er da med ein enklare utlysingstekst. Promotere i same tidspunkt på Facebook.

Orienteringssaker

Rekneskap

Det vart framlagd rekneskapsrapport pr april 2019. Det har vore litt tungt å fått korrekte posteringar frå kommunen si side, og at rekneskapen er ajourført fortløpande. Det viser seg at det ikkje har blitt ført inn inntekter frå mars og april, og første utkast til rekneskapsrapport framlagd for SFR på førre møte, viste difor store teikn til meirforbruk. Det har likevel vorte betre med omsyn til rett kontering og postering. Tone og kommunikasjon mot rekneskapsavdelinga hos kommunen er god, og det vert forventa at rekneskapsarbeidet er enda noko betre til neste rapportavlevering.

Kommentar frå AU

Rekneskapsrapport leggst fram for SFR til gjennomsyn og orientering.

Tid og stad for Kyrkjevalet 2019

Det har vore kommunisert med kommunen om felles lokale ved kommune- og kyrkjevalet 2019. Kommunen skal vere på gamle Riksfjord skole, i det som no er kinosal. Dei hadde ikkje tenkt noko omkring kyrkjevalet og plassering av oss. Det har difor vore ein kommunikasjon mellom kyrkjeverje og Lillebostad i avd. Innvandring og Integrering for eventuell lokasjon for kyrkjevalet der.

Kommentar frå AU

Det er må bli på gamle Riksfjord skole. Kva med foajéen/forgangen til kulturskolen?

Vedtak frå AU

Kyrkjeverje tek kontakt med dei ulike avdelingane i kommunen for å kome til ei semje på lokasjon for kyrkjevalet.

Digitalisering av Kyrkjebladet for Aukra, Midsund og Sandøy

Nasjonalbiblioteket (NB) er spurd om dei kan ta på seg å digitalisere Kyrkjebladet, og det er motteke eit positivt svar på dette, og returnert eit forslag til kontrakt om dette. Sandøy sokneråd er styret for Kyrkjebladet, men alle samarbeidande sokn må godkjenne dette.

Vedtak frå AU

Digitalisering av Kyrkjebladet er greitt. Det må gjerast korrektur av kontrakten, og kyrkjeverjen høyrer med NB om deira policy for personvern på namn, bilder og stoff frå gamle blader slik at dette er greitt. Det må også informerast på nettsidane våre ved innmelding dåp, vigslar og anna at stoff til Kyrkjebladet blir digitalisert og søkbart.

Trefelling på kyrkjegard

Det er kome inn ønske om å sette i gang plan om trefelling på kyrkjegarden.

Vedtak frå AU

Det er fleire prosjekt som no må lande først, og trefelling blir teke opp att på eit seinare tidspunkt.

Tilsetning av vikar for trusopplærar Evy Marie Tofte

Administrasjonsutvalet har vedteke å tilrå tilsetning av Liane Schuldt i frå midten av august

når Kristan prest er attende frå ferie. Dette ut i frå hennar søknad og etterfylgjande samtalar med ho. Tilsettingsperiode vert så lenge Evy Marie Tofte er sjukmeldt.

Eventuelsak(er)

Gravstell

Sommarbeplanting på gravsted. Ha eit tilbod om dette?

Behandling i SFR

Lager sak på dette til hausten 2019.

Frank H. Vestad (sign.)

Kyrkjeverje